

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2007

Oslo 31. januar 2008

Innhald

Innleiing.....	3
A. Rammevilkår	5
1. Organisering og finansiering	5
2. Lokalisering.....	5
3. Personale	6
B. Manusarbeid.....	7
4. Band 7	7
5. Band 1 til 5	7
C. Utvikling av verktøy	8
6. Redigeringsapplikasjonen	8
7. Elektronisk utgåve av ordboka	8
8. Setelarkivet.....	9
9. Målføresynopsisen	9
D. Utviding og forbetring av tilfang	10
11. Nynorsk tekstkorpus.....	10
12. Metaordboka.....	10
13. Blyanttilskrifter	11
14. Nytt tilfang	11
E. Formidling, informasjon og kompetanseheving.....	11
15. Formidling og informasjon.....	11
16. Kompetanseheving	13
Vedlegg 2. Publikasjonar og føredrag.....	14
Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet	21

Innleiing

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapporten for 2007. Hovudmålet vårt er å gje ut Norsk Ordbok band for band. Vi har halde planen for manusproduksjon i år. Vi lanserte band 6 av ordboka i mars etter å ha blitt ferdige med manuskriptet før jul 2006. I heile 2007 har vi arbeidd med band 7. Vi er i rute med dette arbeidet ved utgangen av året med tanke på planen som medfører lansering av bandet før sommaren 2008. Når det gjeld andre underordna mål med prosjektet, har vi utvida det digitale kjeldegrunnlaget vårt ein heil del, medan det har skjedd mindre når det gjeld utvikling av verktøy. Elles har vi hatt eit svært godt formidlingsår med mykje positiv respons i fleire fora.

Manusproduksjon

Redaksjonen har nyredigert 549,84 sider av band 7 i løpet av året. (Årsplanen la opp til 550 sider.) Til saman hadde vi 693,25 sider manuskript ved utgangen av 2007. 344,89 sider har vorte flytta gjennom alle stega i kvalitetssikringsprosessen. Dei redaksjonelle rutinane fungerer godt, sjølv om vi ser at det ikkje er lett å nytte ut ressursane til hovudredaktør og sitatkontrollørar i starten av eit nytt ordboksband.

Folk og opplæring

Også 2007 har blitt eit opplæringsår. På grunn av ein permisjonssøknad, ei oppseiing og ei ekstraløyving har tre nye redaksjonsassistentar kome inn i opplæringsprogrammet, medan éin assistent har fått opprykk til redaktør. Redaksjonen har også i år opplevd alvorleg sjukdom forutan svangerskapspermisjonar, slik at ikkje alle redaktørane har fungert i full stilling. Ved utgangen av 2007 er no 26 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. I tillegg er éin redaktør ute i eitt års permisjon. Éin av dei 26 er i svangerskapspermisjon, og tre er i heil eller delvis sjukemelding ved årsskiftet. Administrasjonen tel tre personar fordelte på 2,5 årsverk, og vi har ein redaksjonssekretær. I 2007 har dessutan fem personar vore knytte til prosjektet som vitskaplege assistentar. Sjå vedlegg 1 for eit nøgnare oversyn over tilsette og effektive årsverk.

Utvikling av verktøy og utviding av materialet

Personalstoda ved EDD har gjort at det har skjedd mindre på verktøysida enn vi hadde planlagt. Den nyttilsette ved EDD har brukt tida på å sette seg inn i applikasjonen i tillegg til å førebu eit teknologisk plattformskifte i 2008. Vi har likevel fått laga ein nettbasert ordregistreringsmodul, som er ein pilot i forhold til den nye versjonen av setelarkivet som EDD no førebur. For framdrifta er det svært viktig at ein brukarvenleg versjon av Målføresynopsisen no er på plass. Innlastinga av band 1 og 2 i databasen har vist seg å vere ein mykje større jobb enn vi hadde rekna med. Band 1 og 2 er no lasta inn, men krev svært mykje etterarbeid for å falle heilt på plass i databasestrukturen. Grunnen er at dei gamle ordboksmanusa blei utforma etter ein mykje mindre stringent mal enn det redigering etter ein fast databasemodell krev. Det er brukt ca. 25 vekerverk på denne jobben hittil, men 1. des. vart dette arbeidet sett til side slik at vi fullt og heilt kan konsentrere oss om manuset til band 7.

Materialet vårt er monaleg utvida i 2007. Det er tagga meir enn tre millionar ord for korpusinnlegging, og redaksjonen har lagt inn over 20.000 ord i setelarkivet. I tillegg er to store kortarkiv og seks ordsamlingar kopla til Metaordboka via ordbokshotellet.

Administrasjonen

Kristin Bakken kom tilbake i stillinga si som direktør 1.1.2007. Førstekonsulent har vore Rebecca Boxler Ødegaard fram til ho gjekk ut i svangerskapspermisjon den 8. august. Andreas Tandberg har vore engasjert som konsulent fram til og med 30. juni, og som førstekonsulent frå 1. juli og ut året. Som vikar for Rebecca Boxler Ødegaard kom Guro Langedok Bjørnstad inn i halv stilling frå og med 25. september.

Styret

I 2007 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, varaleiar Eli Fiskvik, Yngve Sjøgreen Foss, Sigve Gramstad, Randi Alice Nilsen, Øyvind Eide og Lars S. Vikør. Fire møte har vore haldne, og 32 saker har vorte handsama.

Formidling

Ordboksredaksjonen har vore representert på tre fagkonferansar med føredrag i året som gjekk (Akureyri i mai, Kristiansand i november og Stavanger i november). Vi har hatt eiga bu på Forskingstorget i Oslo 21.-22. september som genererte mange presseoppslag. Det same gjorde lanseringa av band 6 i mars. Sjå elles vedlegg 2 og 3.

Takk

Vi vil takke Stortinget, Kultur- og kyrkjedepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gjeve Norsk Ordbok 2014 gode og føreseielege arbeidsvilkår også i 2007.

Kristin Bakken
Dato 31. januar 2008.

A. Rammevilkår

1. Organisering og finansiering

Mål 2007	Resultat
a) Å halde oppe strukturen med éi leiargruppe og fleire redaksjonsgrupper. Leiarane i redaksjonsgruppene bør vere representerte i leiargruppa.	Vi har ført vidare denne organisasjonsmodellen i 2007. OA har fungert som gruppeleiar for AA, AE, KS og TS. HG har fungert som gruppeleiar for ANN, DR, ÅR og OV. TEJ har fungert som gruppeleiar for ØE, EJE, GAa, og har i tillegg lese manus for OA. DW har vore gruppeleiar for HG, KEK og ÅW. KEK har vore gruppeleiar for BN, LIAa, ØB, og dessutan SBO og LS frå 1. september. AE har vore gruppeleiar for GW, SR, HH og III (den siste frå 1. september). AE hadde ansvar for SBO og LS i august. KS har lese manus for LSV, DW, LK og OG. ØE har lese manus for TEJ. I leiargruppa har KB, LSV, OG, OA, DW, KEK, HG og AE møtt.
b) Manuskontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør.	Kvalitetskontrollen har føregått etter same modell som før.
c) Når Laurits Killingbergtrø går av med pensjon i april, må vi få inn ein ny assisterande hovudredaktør som skal avhjelpe Lars S. Vikør med manuslesing	Dagfinn Worren gjekk inn som ny assisterande hovudredaktør frå 1. april.
d) Vi vil framleis vere med på å arbeide for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet, men samstundes syte for at prosjektet beheld sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	Kristin Bakken har representert ILN på eit nasjonalt møte i Bergen om digitale dialektarkiv. Ho var deretter aktiv i utarbeidinga av eit nasjonalt innspel til NFR som gjekk ut på å formulere eit vegkart for forskingsinfrastruktur.
e) Vi vil søkje midlar av statsbudsjettet til fristen 31. mars.	Vi søkte om kr. 13.166 mill. og sendte inn søknaden 31. mars. I tillegg bad vi om ei ekstraløyving i eit eige brev sendt same månad. Som svar på brevet fekk vi ei tilleggsøyving på kr. 524.000 i juni 2007. I statsbudsjettet for 2008 fekk vi kr. 13,6 mill.

2. Lokalisering

Mål 2007	Resultat
a) Vi vil ferdigstille seks nye arbeidsplassar i 3. høgda i GA 25 og innreie eit lite møte- og leserom.	Vi innreidde eit lite møterom, men gjorde det om til kontor igjen. I tillegg til to vit.ass.-plassar og fem redaktørplassar i 3. etasje, har

	vi delt eit dobbelkontor i 2. etasje, og fått éin ny redaktørplass der.
b) Om vi får utvida stillingsramma i 2007, vil vi ta kontakt med NTNU for eventuelt å få leige ein kontorplass til.	Vi har tilsett dei nye redaktørane med arbeidsplass i Oslo.

3. Personale

Mål 2007	Resultat
a) Vi vil gjere ferdig opplæringa av den redaksjonsassistenten som no kjem tilbake etter svangerskapspermisjon.	Opplæringa er ferdig.
b) Vi vil fremje denne assistenten for opprykk til redaktør når opplæringa er fullført i juni.	Vi har fremja denne redaktøren til opprykk med verknad frå 1. juni.
c) Om budsjettssituasjonen tillet det, vil vi tilsetje minimum éin redaktør til hausten 2007.	Vi tilsette to nye redaktørar frå og med 1. august, den eine til erstatning for ein som sa opp stillinga si, den andre for tilleggsløyvinga vi fekk i juni. I tillegg engasjerte vi ein vikar for den redaktøren som gjekk ut i eitt års permisjon med verknad frå 1. september.
d) Om budsjettet tillèt det, vil vi engasjere sommarhjelp for ocr-skanning og tagging av tekst.	Vi hadde to assistentar som arbeidde med tagging og ocr-skanning i sommar. Hausten 2007 har vi hatt to assistentar som har tagga tekst for korpus, éin som har normert dialektord for Metaordboka og éin som har ekserpertert lokal matterterminologi.
e) I mars vil vi skipe til eit avtakkingsarrangement for Laurits Killingbergtrø som går av for aldersgrensa. Vi vil også feire to tilsette som fyller 60 år i 2007.	Vi feira Olaf Almenningen sin sekstiårsdag 30. januar og Laurits Killingbergtrø som pensjonist den 12. april. I høve 60-årsdagen til Oddrun Grønvik den 18. august skipa vi til eit fagleg seminar den 12. september. Magne Myhren sin 70-årsdag vart feira med eit fagleg føredrag den 5. desember.
f)	I mars vart Astrid Nilsen-Nygaard sjuk og gjekk ut i langvarig sjukepermisjon.
g)	Øystein Baardsgaard sa opp stillinga si med verknad frå 1. juli.
h)	Børge Nordbø fekk innvilga eitt års permisjon med verknad frå 1. september.
i)	25. september tilsette vi Guro Langedok Bjørnstad i 50 % stilling som vikar for Rebecca Boxler Ødegaard i konsulentstilling.
j)	I november vart Åse Wetås sjuk og gjekk ut i langvarig sjukepermisjon.

B. Manusproduksjon

4. Band 7

Mål 2007	Resultat
a) Vi tek sikte på å nyredigere 550 sider av band 7 i 2007. Det gjev eit snitt på 23 sider pr. redaktørårsverk. Vi tek sikte på å ferdigstille band 7 til 1. mai 2008.	Pr. 31. desember 2007 hadde vi redigert 549,84 sider. Vi mangla altså 0,16 sider for å nå årsmålet.
b) Vi bør difor ha nyredigert 275 sider til 1. juli. Det gjev eit snitt på 46 sider pr måned for redaksjonen under eitt i vårsemesteret.	Vi hadde redigert 284,9 sider den 13. juni. Så langt gjev dei eit snitt på knappe 55 sider pr måned i vårsemesteret.
c) Kvalitetskontrollen bør i størst mogleg grad skje fortløpande.	Kvalitetskontrollen har skjedd fortløpande. Pr. 31. desember har vi 344,89 sider ferdige til korrektur.
d) På juniseminaret vil vi revurdere årsmålet og eventuelt justere det om røynslene frå vårsemesteret gjev grunnlag for det.	Vi justerte ikkje årsmålet som viste seg å vere eit svært presist estimat.

5. Band 1 til 5

Mål 2007	Resultat
a) Band 2 må gjerast ferdig frå redaksjonens side for innlegging i basen. Dette bør helst vere på plass til 2. februar.	Dette var på plass til 1. mars.
b) Band 1 og 2 må gjerast ferdige frå EDD si side. Band 2 må vere klart til 1. mars. Band 1 hastar det litt mindre med, men bør likevel vere ferdig til 15. mars.	Dette var på plass til 30. april.
c) Det må lesast ein kontroll på band 2 i perioden 1. mars til 12. mars.	Vi brukte ca. 18-20 arbeidsveker fordelt på seks personar på å rette opp band 1 og 2 i mai. I haust heldt fire personar fram med å setje av tre dagar i månaden til oppretting. Til saman er sju arbeidsveker gått med til dette i haust. Vi fekk slik eit godt grunnlag for å gjere ei vurdering av både omfanget og karakteren av dette arbeidet. Konklusjonen vi kom fram til i november er at vi berre så vidt har tatt hol på eit svært krevjande og omfattande arbeid, der grensa mellom databasetilpassing og revisjon er vanskeleg å dra. Om vi set av 12 arbeidsdagar i månaden gjennom eit heilt år, greier vi å gjere oss "ferdige" med 100 sider manus i året. Og 12 arbeidsdagar i månaden (fordelt på tre-fire personar) vil ete av den ordinære manusproduksjonen. I desember konkluderte vi difor med at vi truleg må ha eiga finansiering for å greie å

	innpasse band 1-5 fullt ut i databasen, og at vi i første omgang ferdigstiller band 7 før vi eventuelt held fram med dette arbeidet i liten skala.
d) Fotosats på band 2 bør sendast over til forlaget 12. mars.	Desse måla har vi gått bort frå, for dei lét seg ikkje gjennomføre innanfor dei ressursrammene vi no har, jf. punkt c ovanfor. Forlaget trykkjer opp faksimileutgåver av band 1 og 2 for sal.
e) Det bør lesast ein kontroll på band 1 i perioden 15. mars – 30. mars.	
f) Fotosats til band 1 bør sendast over til forlaget 30. mars.	
g) Arbeidet med <i>h</i> (første halvdel av band 5 og slutten av band 4) bør vere ferdig til 31. desember, medan arbeidet med band 3 og 4 kan skuvast til 2008.	

C. Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2007	Resultat
a) Få inn hurtigtast for lagring – ctrl-S	Dette er på plass. Ingen av desse forbetringane er gjorde. Grunnen er personalstoda ved EDD, med utskifting av personale og ny opplæring. Forbetringane er marginale når det gjeld funksjonalitetsforbetring, og opplæringa har fokusert på mykje meir grunnleggjande strukturar og funksjonalitetar
b) Få inn spesifiseringsmalar for dei ulike litterære kjeldene.	
c) Få inn eit felt for litteraturkode etter heimfesting i hakeparentes i søkjeskjemaet.	
d) Få moglegheit for å høgreklikke på bibliografikode for å få fram utfyllande informasjon.	
e) Få moglegheit for å gjere fritekstøk i heile manuskriptet eller i hakeparentes eller tydingsbolk for seg.	
f) Klipp- og lim-funksjon for å flytte heimfestingar i målføredelen av hakeparentesen.	
g) Status ”oppretting”. Få sjanse til å sortere dei ulike typane av artiklar til oppretting ved hjelp avlogg-systemet.	
h) Freiste å få redusert uforklarlege applikasjonskrasj til eit minimum.	Drifta av basen er no sikker og pålitande.

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2007	Resultat
a) Å greie ut prinsippa for ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka med forlaget.	Dette er ikkje gjort, for ferdigstilling av databasen (jf. punkt 5 c ovanfor) er ein føresetnad for den elektroniske utgåva..
b) Å setje ned ei arbeidsgruppe som skal freiste å kome fram til eit brukarvennleg konsept for e-NO.	

8. Setelarkivet

Mål 2007	Resultat
a) Å revidere sjølve arkitekturen til setelarkivet, lage nye ”utgåve” av databasen.	Dette arbeidet er i gang. Applikasjonen skal nyskrivast i programmeringsspråket java.
b) Å revidere innskrivingsformat for registrering av ny setel for å gjere denne jobben enklare.	Dette er ikkje gjort, for heile applikasjonen skal nyskrivast i java, og det er ikkje noko poeng å gjere overflatiske justeringar av den gamle delphi-strukturen.
c) Å harmonisere litteraturmenyen i SA med NO-signaturane.	Dette er ikkje gjort, jf. punkt a og b ovanfor.
d) Å leggje restriksjonar på ordklassfeltet i SA utan at det får tilbakeverkande kraft.	Dette er ikkje gjort, jf. punkt a og b ovanfor.
e) Å arbeide for at det blir ei direkte kopling mellom ordbokshotellet og SA slik at ein kan gjere felles søk.	Ein kan gjere felles søk via Metaordboka, men ikkje frå Setelarkivet.
f) Å lage enklare registreringsmåte for små ordsamlingar, dvs. eit innskrivingsformat med automatisk førehandsfyll.	Det er laga ein modell som er testa på Forskningstorget 21.-22. september ”Ord i Oslo”. Databasen er tenkt vidareført som ein generell registrantmodell for små ordsamlingar. Dette har også vore eit pilotarbeid før nyskrivinga av applikasjonen i java i 2008.
g) Låsing av setlar – revurdere om dette er naudsynt.	Dette er ikkje gjort, jf. punkt a og b ovanfor.
h) Lage ein måte å halde dei setlane som har ”uregistrerte kjelde” saman på med tanke på opprydding. Det same gjeld for setlar utan oppslagsord, dvs. ”8000-setlane”.	Dette er ikkje gjort, jf. punkt a og b ovanfor.

9. Målføresynopsisen

Mål 2007	Resultat
Å utarbeide ein meir brukarvennleg inngang til den digitaliserte synopsisen.	Dette vart gjort til 13. desember.

10. Redigeringshandboka

Mål 2007	Resultat
a) Tidleg på året og innan 1. mars integrere revisjonsarbeid som har blitt liggjande og som bl.a. gjeld målføre og etymologi, jf. presentasjonane på seminar 30. januar 2007.	Her er vi no à jour med unnatak av revisjonen som gjeld målføre. Denne revisjonen blir overført til 2008.
b) Revisjon av underoppslagskapitlet	Dette er ikkje gjort, for det inneber eit meir omfattande arbeid enn vi har kunna setje av tid til i 2007. Målet blir overført til 2008.
c) Etablere dømesamling med mønsterartiklar	Dette er ikkje gjort, men vi overfører målet til 2008.
d) Kontinuerleg utbygging og innarbeiding	Her er no etablert ein god rutine.

av vedtak gjennom heile året	
------------------------------	--

D. Utviding og forbetring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2007	Resultat
a) Om budsjettet tillèt det, få ocr-skanna resten av T. Vesaas sitt forfattarskap etter å ha fått avtale på plass med Gyldendal.	Vesaas-bøkene vart ocr-skanna i juli.
b) Tagge resten av T. Vesaas sin forfattarskap, og om budsjettet tillèt det, to band av Arne Bergs <i>Norske tømmerhus frå mellomalderen</i> og resten av <i>Fedraheimen</i> .	22 Vesaas-bøker er tagga, dvs. at vi no har 34 bøker av Vesaas i korpuset. I tillegg er det tagga 5 bøker av Uppdal, til saman har vi 13 Uppdal-titlar i korpuset. Det er tagga 8 bøker av Duun, til saman no 21 titlar i korpuset. Årgang 1878 av <i>Fedraheimen</i> er tagga (650.000 ord). Dessutan er ei sakprosa bok tagga. Pr. 12. desember var vi i gang med tagging av bd. 1 av Arne Berg: <i>Norske tømmerhus frå mellomalderen</i> .
c) Få på plass fleire avtaler om elektronisk tekst til korpus, i første omgang med Jon Fosse, Ottar Grepstad og Helge Sandøy.	Avtale med Jon Fosse er på plass.
d) Få på plass statistikkverktøy i korpuset.	Dette er ikkje gjort.
e) Få på plass ein randomiseringsfunksjon i korpuset.	Randomiseringsfunksjonen er utvikla, og tilgjengeleg for redkasjonen, men ikkje integrert i applikasjonen.
f) Gjere meir autotagging av avistekst.	Éin årgang av <i>Vestnytt</i> er autotagga (ca. 800.000 ord).
g) Arbeide med digitalisering av <i>Norsk allkunnebok</i> , i år i første omgang band 7–10.	Arbeidet går føre seg ved Digforsk i Masi. Band 7 og 8 er digitaliserte, band 9 er under arbeid.

12. Metaordboka

Mål 2007	Resultat
a) Normere MO til og med <i>e</i> i 2007.	Normeringa vart ajourført til og med <i>er-</i> pr. 1. juni.
b) Normere opp 5 nykopla ordsamlingar før 1. mars.	Dette er gjort.
c) Hekte på ny versjon av <i>g</i> -manus i juni 2007.	Arbeidet er ferdig ved NO2014, og filene er ferdig bearbeidde frå EDD si side. Sjølv oppkoplinga er ikkje gjort.
d) Hekte på Hatlebrekke- og Solliasamlingane før 1. juli.	Dette vart gjort.
e) Hekte på 10 prioriterte ordsamlingar i ordbokshotellet.	Fire prioriterte ordsamlingar er på plass i ordbokshotellet, dessutan to uprioriterte som vi har fått særleg finansiering for å normere opp.

f) Hekte på 31 tagga ordsamlingar i ordbokshotellet.	Dette er ikkje gjort.
--	-----------------------

13. Blyanttilskrifter

Mål 2007	Resultat
a) Føre inn alle blyanttilskriftene i g-manus til 1. juni.	Dette arbeidet blei ferdig i mai.

14. Nytt tilfang

Mål 2007	Resultat
a) Vi tek sikte på å registrere 15 000 nye setlar i 2007.	Pr. 31.12 er det registrert 20.547 nye setlar i 2007.
b) Vi vil føre på oppslagsord i Solliasamlinga før 15. juni.	Dette er gjort.
c) Vere med på å leggje til rette for at samlinga etter Anders Skogen blir digitalisert.	Dette arbeidet er i gang.
d) Vere med på å leggje til rette for at samlinga etter Einar Haugen blir digitalisert.	Dette arbeidet er i gang.
e) Om ILN løyver pengar til å opprette ein registrant over lydbandfiler, vil vi tilsetje ein assistent i to månader for å gjere denne jobben.	Dette arbeidet er fullført.
f) Planleggje arbeidet med å tilretteleggje det digitaliserte kartmaterialet frå Målførearkivet for bruk i redaksjonen.	Dette er ikkje gjort. Vi ønskjer å gjere dette i 2008.

E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

15. Formidling og informasjon

Mål 2007	Resultat
a) Vi vil lansere band 6 på eit arrangement i mars.	Lanseringsarrangementet gjekk føre seg 6. mars.
b) I samband med arrangementet vil vi arbeide for å få best mogleg pressedekning.	Vi fekk mange oppslag, blant anna i A-magasinet, God morgon Norge (TV2), Språkteigen (P2), Apollon, Uniforum. Sjå vedlegg 3.
c) Følgje opp forlaget som vil lage ny brosjyre og nye marknadsføringstiltak for Norsk Ordbok.	Ny brosjyre er på plass.
d) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den nordiske leksikografikonferansen i Akureyri i mai.	Vi var representerte med seks føredrag.
e) Prosjektet bør vere representert med føredrag på Møte om norsk språk i Stavanger i november.	Vi var representerte med fire føredrag.

f) Vi vil halde fram med å levere Dagens ord til Nynorsk kultursentrum og til vår eiga heimeside.	Nye artiklar er ikkje leverte i år, mengda artiklar er stor nok inntil vidare.
g) Vi bør gjere ein grundig gjennomgang av nettstaden vår med tanke på oppdatering.	Overflatisk oppdatering er gjort. Vi planlegg å lage ein heilt ny nettstad i 2008.
i) Generelt bør vi seie ja til å vere representerte i fora som vi trur kan gagne prosjektet og som ikkje går på tvers av framdrifta, jf. Vesaas-seminar, Uppdal-seminar, nynorsk forskarnettverk, Nynorsk forum og forskingsgruppe i leksikografi ved ILN.	Vi har vore representerte i forskingsgruppa for leksikografi – éin gong med føredrag (OG), tre møte i Nynorsk forum (KB og DW), to nasjonale møte om digitale forskingsressursar (KB). I tillegg har vi presentert korpuset på eit Vesaas-symposium 13. september (AT) og på Vesaas-seminar for studentar (AT). Vi har presentert sjølve prosjektet på Fagleg gryte-seminar (KB), og på seminar for nye mastergradsstudentar på Granavollen (OG). Vi har òg arrangert biografi-seminar i Forscharnettverket for nynorsk skriftkultur (21. november). Vi var dessutan representerte med to føredrag på språknormeringskonferanse i Kristiansand (1.-3. november), og hadde med deltakarar utan føredrag på ALE-konferansen i Skopje Makedonia i april og konferansen i Cognitive Linguistics i Krakow Polen (i juli). I november presenterte OG prosjektet og ordboka for redaksjonen i Oxford English Dictionary. Dessutan har EE presentert og vidareutvikla prosjektideen ”Sterk kost med noko attåt” i tre ulike fora, Verdalen i april, NTNU i mai og Östersund i november.
j) Vi bør planleggje arbeidet med å utarbeide ein separat bibliografisk kodenøkkel som skal følgje verket.	Dette er ikkje gjort.
k) Ta kontakt med DKNVS for å kome i ein dialog om å skipe til eit Norsk Ordbok-seminar i Trondheim i 2008.	Dette arbeidet er i gang. Vi planlegg eit seminar i 2009.
l)	Vi hadde ei bu på Forskningstorget på Universitetsplassen 21.-22. september. Bua var ein suksess, og førte til fine presseoppslag, NRK Østlandssendingen, Aftenposten Aften, Dagsavisen, HF-nytt. Vi var første stopp på HMK Haakon og kunnskapsminister Djupedal sin runde på Forskingstorget.
m)	Laga eit undervisningsopplegg for lærarstudentar og elevar for vidaregåande skolen. Det har blitt framført på Høgskolen i Oslo og éin vidaregåande skole.
n)	KB har fått Velferdsprisen for godt

	arbeidsmiljø, og Nynorskordboka har fått ordboksprisen av NFF (DW, AE).
o)	Redaksjonsmedlemmene i Trondheim har tatt imot innlevert ord til redaksjonen via e-postadressa nyord-til-no.
p)	DW har svart på nynorskspørsmål til nettenesta ordvakta.

16. Kompetanseheving

Mål 2007	Resultat
a) Den siste redaksjonsassistenten bør få fullført si opplæring før 1. juni.	Er gjort.
b) Vi vil arrangere eit eige effektiviserings- og planleggingsseminar 30. januar der fagleg påfyll blir eitt programpunkt.	Er arrangert.
c) Vi vil arrangere sommar- og juleseminar i juni og desember der vi vil trekkje inn eksterne førelesarar.	Seminara vart arrangerte 14. og 15. juni med tre eksterne førelesarar, og 13. og 14. desember med tre eksterne førelesarar.
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør vi vere representerte på dette kurset.	Dette passa ikkje for nokon i år.
e) Dei som har behov for det bør gå på powerpoint-kurs i 2007.	Tre tilsette har vore med på powerpointkurs.
f) Vi bør sende nokre tilsette på kurs i Excel.	Er ikkje gjort.
g) Vi bør arbeide for å få nokon til å lage eit eller fleire individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	Ingen i staben har laga individuelle forskingsprosjekt. Men arbeidet med å få knytt forskingsstipend til samlingane har gitt resultat på den måten at eitt slikt stipend vil bli lyst ut frå HF. EE har arbeidd med å leggje rammene for eit matordprosjekt ved NTNU, og det ser ut som ho vil nå fram med tanken om å opprette eit øyremerkt stipend for dette feltet.
h)	Adam Kilgarriff har halde ei gjesteførelsing hos oss den 5. desember.

Vedlegg 2. Publikasjoner og foredrag i 2007

Individuell publisering

Almenningen, Olaf. Ordtilfanget i Per Sivles "Vossastubbar". I: *Å sjå samfunnet gjennom språket*. Oslo: Novus Forlag 2007. ISBN 978-82-7099-456-4. s. 15-23

Almenningen, Olaf; Søyland, Aud. *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar* 2007. Oslo. Det Norsk Samlaget. 96 s.

Bakken, Kristin. Det nynorske ordforrådet - sett frå K. [Vitskapleg foredrag]. Seminar i høve Oddrun Grønviks 60-årsdag.; 12.09.2007

Bakken, Kristin. Lokal ordbok med meir enn lokalt nedslagsfelt. *Hollamålet i Nedre Telemark. Ord og uttrykk. LexicoNordica* 2007; 14:151-162

Bakken, Kristin. Østlandssendinga, Innringsprogram om Oslo-ord. NRK Østlandssendingen [Radio] 18.09.2007

Bakken, Kristin. "Anbefalt av Kristin Bakken". Om boka *Kongefrykt*: i *Dagsavisen*, 2.10.

Bakken, Kristin. Om dei digitale språkressursane som Norsk Ordbok rår over. [Populærvitskapleg foredrag]. Fagleg gryte - internarrangement ILN 28.03.2007

Bakken, Kristin; Grønvik, Oddrun. Materialsortering på digital plattform. Eit steg mot høgare dataintegritet i den vitskaplege leksikografien [Vitskapleg foredrag]. 9. nordiske konferanse i leksikografi ; 22.05.2007 - 26.05.2007

Bakken, Kristin; Vikør, Lars Sigurdsson. Samansette preposisjonar i målføra [Vitskapleg foredrag]. MONS (Møter om norsk språk) 12; 22.11.2007 - 24.11.2007

Bakken, Kristin; Tandberg, Andreas mfl. Lag Oslo-ordbok med oss! [Presentasjon av Norsk Ordbok frå stand]. Forskningstorget 2007, 21.08.2007 – 22.08.2007

Berg-Olsen, Sturla. Genitivelings and true genitives in Latvian – a constructional perspective [Vitskapleg foredrag]. Perspectives of Baltic Philology; 11.05.2007 - 12.05.2007

Berg-Olsen, Sturla. Kognitīvā gramatika un latviešu valodas locījumi (kognitiv grammatikk og latviske kasus) [Vitskapleg foredrag]. Letonistu seminārs; 12.08.2007 - 17.08.2007

Berg-Olsen, Sturla. Litauiske og latviske possessivkonstruksjoner i NP-er – en kontrastiv kognitiv studie [Vitskapleg foredrag]. Kognitivt sommerseminar 2007; 14.06.2007 - 15.06.2007

Ellingsve, Eli Johanne. Digitale vegar til Norsk Ordbok [Vitskapleg foredrag]. Konferanse Nordisk forening for leksikografi; 23.05.2007 - 26.05.2007

Ellingsve, Eli Johanne. *Finn et fyr. A Guide to the Norwegian Lighthouses*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag 2007. ISBN 978-82-519-2203-6. 256 s.

Ellingsve, Eli Johanne. Sterk kost med noko attåt. Gamle ord for gode måltid. Artikkel i *Lokalhistorisk Magasin*, 2007/4. 1 s

Ellingsve, Eli Johanne. Sterk kost med noko attåt. Presentasjon av ein prosjektidé. Fylkeskommunalt seminar ved Tindveden kulturhage, Verdalen, 17. april 2007.

Ellingsve, Eli Johanne. Sterk kost med noko attåt. Presentasjon av ein prosjektidé. Seminar NTNU 10. mai 2007.

Ellingsve, Eli Johanne. Sterk kost med noko attåt. Presentasjon av ein prosjektidé. Regionkonferanse ved Mittuniversitetet, Östersund, Sverige 6.–7. november 2007.

Grønvik, Oddrun. Ordbøker - kva har vi, og kva kan vi bruka dei til? *Språknytt* 2007(1):12-16

Grønvik, Oddrun. Ordbøker - kva har vi? Definisjonsordbøker for norsk. *Språknytt* 2007(2):15-21

Grønvik, Oddrun. Redigerings skjema for store verb. Semantikk versus grammatikalisering [Vitskapleg føredrag]. 9. nordiske konferanse i leksikografi; 22.05.2007 - 26.05.2007

Grønvik, Oddrun. Resources and editor for Norsk Ordbok 2014 [Vitskapleg føredrag]. Internseminar for den redaksjonelle leiinga i OED; 14.09.2007

Grønvik, Oddrun; Ridings, Daniel. Korpus for eit språk i utvikling. Oppbygging og søkjemetode i høve til språkleg variasjon [Vitskapleg føredrag]. Seminaret til Forskargruppe i leksikografi og korpusarbeid ved ILN 2007

Grønvik, Oddrun; Bakken, Kristin; sjå **Bakken, Kristin; Grønvik, Oddrun**

Harildstad, Gudmund; Lien, Mari. *Vågå - sagt og skrivi gjennom ti'in.* Årgang 14. Vågåmo: Mållaget Ivar Kleiven 2007. ISBN 978-82-7275-148-6. 36 s.

Jenstad, Tor Erik. Bli med heim te vårres og sje katta oss. Om Kristiansundsdialekt. *Driva* [Avis] 24.01.2007

Jenstad, Tor Erik. Bruken av ordet neger. *Kulturnytt*, P2 [Radio] 30.11.2007

Jenstad, Tor Erik. Døgd og døgda. *Driva* 22.10.2007

Jenstad, Tor Erik. Edvard Langset og språket [Populærvitskapleg føredrag]. Kulturvekkå, Tingvoll 7.5.2007

Jenstad, Tor Erik. Edvard Langset og Straumsnesmålet. *Du mitt Nordmøre* 2007:57-64

Jenstad, Tor Erik. Eufemismar og ordet neger. *Språkteigen* [Radio] 22.10.2007

Jenstad, Tor Erik. Evne til abstrakt tenking i dialektane. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2007:31-33

Jenstad, Tor Erik. "Hjelma" og andre forsterkande ord. Språkteigen [Radio] 16.04.2007

Jenstad, Tor Erik. Hovudvariablane i den norske dialektvariasjonen med vekt på registrering og val av føringsformer i Norsk Ordbok [Vitskapleg føredrag]. Fagseminar Norsk Ordbok 30.01.2007

Jenstad, Tor Erik. Humor og dialekt (kåseri) [Populærvitskapleg føredrag]. Bygdakveld Musgjerd grendahus, Sunndal 2007

Jenstad, Tor Erik. Innleiing til dialektkveld [Populærvitskapleg føredrag]. Dialektkveld, Åfjord 25.01.2007

Jenstad, Tor Erik. Innleiing til lokalt Dialektmagasin [Populærvitskapleg føredrag]. Opning av "Kulturståggå", Horg Bygdatun 08.09.2007

Jenstad, Tor Erik. Innleiing til dialektkveld [Populærvitskapleg føredrag]. Dialektkveld, Meldal 18.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Ka sa du? Steinkjer: Embla Forlag 2007. ISBN 978-82-92577-26-4. 173 s.

Jenstad, Tor Erik. Ku-uttrykk (kåseri). [Populærvitskapleg føredrag]. Møte i Pensjonistforeninga, TINE Midt-Norge 28.08.2007

Jenstad, Tor Erik. Kveldslus og latmark. Abstrakt tenking i tradisjonelt dialektordforråd. Leikvin 2007:

Jenstad, Tor Erik. Litt om trøndersk ordforråd (kåseri). [Populærvitskapleg føredrag]. Møte, Dombåstrimmeran, Trondheim 24.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Lokale ordsamlingar. Språkteigen [Radio] 08.01.2007

Jenstad, Tor Erik. Mjølkeord i trøndersk (kåseri). [Populærvitskapleg føredrag]. Regionmøte 2007

Jenstad, Tor Erik. Norsk Ordbok band 6. Språkteigen [Radio] 12.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Om opphavet til "fanden" og liknande ord. Språkteigen [Radio] 26.11.2007

Jenstad, Tor Erik. Orda konge og krone i Norsk Ordbok 6 (i høve Kongens 70-årsdag). Språkteigen [Radio] 19.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Presentasjon av boka *Ka sa du?* [Populærvitskapleg føredrag]. Bokkveld, Steinkjer 19.12.2007

Jenstad, Tor Erik. Presentasjon av boka *Ka sa du?* [Populærvitskapleg føredrag]. Bokkveld, Trondheim 20.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Presentasjon av boka *Ka sa du?* [Populærvitskapleg føredrag]. Bokkveld, Kristiansund 21.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Presentasjon av boka *Sunnalsord* [Vitskapleg føredrag]. Instituttseminar, INL, NTNU 05.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Presentasjon av Norsk Ordbok [Populærvitskapleg føredrag]. Landsmøte Noregs Mållag, Stjørdal 29.04.2007

Jenstad, Tor Erik. Skjellsord på kvinnetdagen og andre trønderord. [Populærvitskapleg føredrag]. Dialektkveld, Grong 08.03.2007

Jenstad, Tor Erik. Skrivemåten av stadnamn. Språkteigen [Radio] 13.08.2007

Jenstad, Tor Erik. Sparbudialekt som litteraturspråk. Språkteigen [Radio] 12.02.2007

Jenstad, Tor Erik. Språk og språkkultur kring Sunndalsfjella. I: *Sunnalsfjella; fjell og folk*: Det Norske Samlaget 2007. ISBN 978-82-521-7019-1. s. 205-209

Jenstad, Tor Erik. Språk om kropp. Melding av Helene Uri: *Kroppsspråk. Aura Avis* 2007

Jenstad, Tor Erik. Stadnamn i Sunndalsfjella. I: *Sunnalsfjella; fjell og folk*: Det Norske Samlaget 2007. ISBN 978-82-521-7019-1. s. 210-215

Jenstad, Tor Erik. Trøndersk og namdalsk (innleiing til dialektkveld). [Populærvitskapleg føredrag]. Dialektkveld, Høylandet 07.03.2007

Jenstad, Tor Erik. Urbane borgarskapsnamn. Melding av Per Olav Tillers *Fredrikkes fryd og Louises lyst. Nytt om namn*. Meldingsblad for Norsk namnelag 2007;45:54-55

Jenstad, Tor Erik. Øldertona og rakkelspellmenn. [Populærvitskapleg føredrag]. Årsmøte, Norsk Folkemusikklag 09.02.2007

Jenstad, Tor Erik; Aamodt, Gunhild. Kjelder til lånord i norske dialektar - Ei mogleg utnytting av basane til Norsk Ordbok. I: *Nordisk dialektologi og sociolingvistik, Foredrag på 8. Nordiske Dialektologkonferanse, Århus 2006*. Århus: Peter Skautrup Centret for Jysk Dialektforskning, Aarhus Universitet 2007. ISBN 978-87-990871-1-2. 10 s.

Karlsen, Knut E. 50 år med distriktskontor i NRK. *Kringom* 2007(1):12-13

Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn. Bruk av ordbøker i skolen [Vitskapleg føredrag]. Møter om norsk språk 12; 22.11.2007 - 24.11.2007

Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn. Norsk Ordbok - presentasjon for skoleelevar og studentar [Populærvitskapleg føredrag]. Gjesteførelsing; 13.04.2007

Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn. Leksikografi i pedagogisk perspektiv - ein presentasjon av Norsk Ordbok for skoleelevar og studentar [Vitskapleg føredrag]. 9. nordiske konferanse om leksikografi; 22.05.2007 - 26.05.2007

Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn. Norsk Ordbok - presentasjon for skoleelevar og studentar [Populærvitskapleg føredrag]. Gjesteforelesning; 24.04.2007 - 24.04.2007

Rødningen, Dagfinn; sjå **Karlsen, Knut E.; Rødningen, Dagfinn**

Runde, Ålov Synnøve. La verda gå sin skeive gang: litt om forholdet mellom teoretisk og 'praktisk' semantikk [Vitskaplig føredrag]. Møter om Norsk språk 12; 22.11.2007 - 24.11.2007

Sakshaug, Laila; Tonne, Ingebjørg. Grammatikk og skriveutvikling - hva sier den britiske EPPI-oversiktsstudien? I: *Skrive for nåtid og framtid 1*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag 2007. ISBN 978-82519-2215-9. s. 167-179

Sakshaug, Laila; Tonne, Ingebjørg. Grammatikk og skriveutvikling – hva sier den britiske EPPI-oversiktsstudien? I: *Skrive for nåtid og framtid, bind 1. Skrivning i arbeidsliv og skole*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag 2007. ISBN 9788251922159. 12 s.

Tandberg, Andreas. Korleis bruke Norsk Ordboks nynorskkorpus som reiskap i Vesaasforsking [Vitskapleg føredrag]. Gjest i førelesingsrekkje om Vesaas sin forfattarskap; 28.08.2007

Tandberg, Andreas. Korleis bruke Norsk Ordboks nynorskkorpus som reiskap i Vesaasforsking [Vitskapleg føredrag]. Vesaas-symposium; 13.09.2008

Tandberg, Andreas; Bakken, Kristin mfl.; sjå **Bakken, Kristin; Tandberg, Andreas mfl.**

Vikør, Lars Sigurdsson. Behandling av fraseologi i Norsk Ordbok [Vitskapleg føredrag]. Den niande konferansen om leksikografi i Norden; 23.05.2007 - 25.05.2007

Vikør, Lars Sigurdsson. Melding av Annika Johanssons *Nederländskans komen och svenskans komma* (2006). I: *TijdSchrift voor Skandinavistiek* 2007;28(1):242-250

Vikør, Lars Sigurdsson. Eit notat om ei rettskriving. I: *Å sjå samfunnet gjennom språket*. Oslo: Novus Forlag 2007. ISBN 978-82-7099-456-4. s. 221-227

Vikør, Lars Sigurdsson. Føring av formvariasjon i ei nasjonal dialektordbok: gråsona mellom predikerbar og ikkje-predikerbar variasjon. I: *Nordisk dialektologi og sociolingvistik, Foredrag på 8. Nordiske Dialektologkonferanse, Århus 2006*. Århus: Peter Skautrup Centret for Jysk Dialektforskning, Aarhus Universitet 2007. ISBN 978-87-990871-1-2. s. 389-397

Vikør, Lars Sigurdsson. Ikkje fullt så mektige normerarar. *Dag og Tid* 2007; 46(45):27-27

Vikør, Lars Sigurdsson. Kva er behovet for normering av nynorsken anno 2007? [Vitskapleg føredrag]. Nordisk språknormeringskonferanse; 01.11.2007 - 13.11.2007

Vikør, Lars Sigurdsson. Kva er nynorsk egentleg? *Bergens Tidende* 2007;140(320) Suppl. del 2:10-10

Vikør, Lars Sigurdsson. Languages differences, distances and intercommunication in the Nordic countries. I: *Langues proches - Langues collatérales. Near Languages - Collateral*

Languages. Actes du Colloques international réuni à Limerick, du 16 au 18 juin 2005. Paris: L'Harmattan 2007. ISBN 978-2-296-03619-2. s. 65-80

Vikør, Lars Sigurdsson. Språkplanlegging - prinsipp og praksis. [Vitskapleg føredrag]. Startkonferanse for Kvensk språkråd; 13.04.2007 - 14.04.2007

Vikør, Lars Sigurdsson. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis.* Oslo: Novus Forlag 2007. ISBN 978-82-7099-459-5. 256 s.

Vikør, Lars Sigurdsson. Stóra orðabókin um íslenska málnotkun. Orð og tunga 2007;9:151-161

Vikør, Lars Sigurdsson. The Nynorsk Language of Norway. *Anglo-Norse review* 2007(1):30-34

Vikør, Lars Sigurdsson. The Nynorsk Language of Norway Today. *Anglo-Norse review* 2007(2):6-11

Vikør, Lars Sigurdsson. Tverrkulturell omsetjing belyst med eit indonesisk døme. I: *Mellomrom - tolv tekster om oversettelse:* TransFer Forlag 2007. ISBN 82-92635-00-9. s. 202-227

Vikør, Lars Sigurdsson. Grammatikktermane i redigeringspråket i Norsk Ordbok. Kva slags termar har vi, og korleis skal dei brukast? [Vitskapleg føredrag]. Norsk Ordboks juleseminar 2007; 13.12.2007 - 14.12.2007

Vikør, Lars Sigurdsson; Bakken, Kristin; sjå Bakken, Kristin; Vikør, Lars Sigurdsson.

Worren, Dagfinn. "Bjørn Haldorsens islandske Lexicon" og Ivar Aasens ordbøker [Vitskapleg føredrag]. 9. nordiske konferanse i leksikografi; 22.05.2007 - 26.05.2007

Worren, Dagfinn. Ivar Aasen-almanakken 2008. Oslo: Dag og Tid 2007. ISBN 9788281150072. 147 s.

Worren, Dagfinn. Leksikografen Knud Knudsen. I: *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007.* Oslo: Novus Forlag 2007. ISBN 978-82-7099-456-4. s. 247-255

Worren, Dagfinn. Også sjef for nynorsken. *Dag og Tid* 2007(27):23-23

Aa, Leiv Inge. Grammatisk tenking og strategi når ein er utsett for dansing [Vitskapleg føredrag]. Seminar ved Norsk Ordbok 2014; 13.12.2007 - 14.12.2007

Aa, Leiv Inge. "Selmer ... stikk andletet inn i det blonde håret med førtitalspermanent i." Det er nemleg ein interessant konstruksjon. [Vitskapleg føredrag]. 12. møte om norsk språk (MONS 12); 22.11.2007 - 24.11.2007

Aamodt, Gunhild. Atlas Linguarum Europae - Ei kort innføring i historikken og akvriteten til ALE-prosjektet. Og: Rapport frå the 40th ALE Editorial Board Meeting [Vitskapleg føredrag]. Norsk Ordbok 2014 Sommarseminar; 14.06.2007 - 14.06.2007

Aamodt, Gunhild. Den digitale synopsisen - korleis ein kan bruke han, og ønske for utbetring [Vitskapleg føredrag]. NO2014 Planleggingsseminar; 30.01.2007 - 30.01.2007

Aamodt, Gunhild. Presentasjon av den nye nettversjonen av Målføresynopsisens [Vitskapleg føredrag]. NO2014 Juleseminar; 13.12.2007 - 14.12.2007

Aamodt, Gunhild; Jenstad, Tor Erik; sjå **Jenstad, Tor Erik; Aamodt, G**

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

Nokre av presseoppslaga i 2007:

Om framdrift og sjølve prosjektet NO2014:

- ”Koma, kylne, kødd og 25000 andre K-ord” i *Apollon*, nr.1
- ”Holder orden på ordene” i *A-magasinet*, 02.03.
- ”Fra A til Å på 84 år” i *Gudbrandsdølen Dagningen* 17.07.
- ”Breial berte bælma noe ræl” i *Aften Aften*, 20.09.
- ”Snakker du oschlok?” i *Annonsebilag utgitt av Norges forskningsråd*, 21.-30.09.
- ”Helt makki Oslo-ord” i *Dagsavisen* 22.09.
- ”Samarbeid om ny ordbok” Debatt: ”Ordbokprosjektet”, Kristian Emil Kristoffersen i *Aftenposten*, 19.11.
- ”Ikke misforhold i støtten” i *Klassekampen*, 20.11.

Anna:

- ”Lytt til dine medarbeidere!” i *Uniforum*, 4.10.
- ”Pris til Nynorskordboka” i *Dag og Tid*, 5.10.
- ”Det Norske Samlaget gratulerer!” i *Dag og Tid*, 5.10.
- ”Sjå ti ordbøkin*” i *Adresseavisen*, 25.10.

Annan fagleg aktivitet:

Ellingsve, Eli: Representant i forprosjekt for matkulturprosjekt ved NTNU

Grønvik, Oddrun: Medlem av Språkrådet i Fagråd 3 for normering og språkobservasjon

Jenstad, Tor Erik: Har leidd programmet "Dialektmagasinet" på NRK Trøndelag kvar onsdag gjennom heile 2007

Vikør, Lars Sigurdsson: Redigert *Maal og Minne* (Bymålslaget)

Worren, Dagfinn: styremedlem (kasserar) i Nordisk foreining for leksikografi

Deltaking på konferansar og kurs 2007:

Powerpointkurs, Blindern, 15.og 17.01.: 3 deltakarar

40th ALE Editorial Board Meeting, Struga, Makedonia, 18-22.04.: 1 deltakar

9. Konference om Leksikografi i Norden, Akureyri, Island, 22-26.05.: 25 deltakarar

10th International Cognitive Linguistics Conference, Krakow, Polen,15.-20.7.: 1 deltakar

Html-kurs, Bouvet, 19.10.: 1 deltakar

Språknormeringskonferanse, Universitetet i Agder, 1-3.11.: 4 deltakarar

Grunnkurs i brannvern, Blindern, 15.11.: 1 deltakar

Nynorsk forskarnettverk, UiS, 21.11.: 7 deltakarar

MONS (Møter om norsk språk), Stavanger, 22-24. 11.: 10 deltakarar

Gjester hos NO2014 i 2007:

Bjørn Vidar Johansen, Museum for universitetshistorie

Erla Erlendsdóttir, Universitetet i Reykjavík

Geir Ellingsrud, rektor ved UiO

Ågot Noss, forskar

Dagfrid Skogen, pensjonist og informant (arbeidsplass her delar av året)

Anne Broen Nordal og Per-Erik Nordal

Aud Søyland, Det Norske Samlaget

Dag Ellingsen, Det Norske Samlaget

Jens Erlandsen, iLex, København

Chris Saunders, ONP, København

Bent Jacobsen, ONP, København

Stephen Walton, Høgskolen i Volda

Hilde Sommer, Riksantikvaren

Ingeborg Thirud, Riksantikvaren

Gisle Andersen, Aksis, Bergen

Kåre Lilleholt, Juridisk fakultet

Sigmund Sjørgård, pensjonist og informant

Hallvard Dørum, pensjonist og informant

Karl Gunnar Johansson, Gammalnorsk ordboksverk ILN

Jan Engh, Universitetsbiblioteket

Fagråd for normering og språkobservasjon

Anne Ma Eide, fakultetsdirektør Det humanistiske fakultet

Halldor Fykse, Universitetet på Ås

Arne Oddvar Skjelvåg, Universitetet på Ås

Kjell Ivar Skjerdingstad, ILN

Adam Kilgarriff, Director, Lexicography MasterClass Ltd., Department of Informatics,
University of Sussex, UK.

Oliver Blomquist, student frå Helsingfors.

Kåre Lilleholt, tidlegare leiar av Nemnda for Norsk Ordbok.

Mette Halskov Hansen, prodekan for forskning.

Roald Vaktstjold, Arnt Aarnes, Terje Meyer, Fonna Forlag.

Harald Aas, Apollon.

Vigdis Bolås, dagleg leiar i selskapet "Oi! Trøndersk Mat og Drikke as". (NTNU)